



William Hut gav dei 70 som kom i Dønhaugkjedlaren ei stor stund fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**William Hut (34), bergensaren med den karakteristiske røysta som anmeldarane kallar popmelankolsk, får kanskje Spellemannsprisen som beste mannlege artist ved den nær forestående utdelinga.**

Difor var det kanskje ein opptakt til den høgthengande prisen dei 70 fekk oppleva som overvar den fem kvarter lange konserten med Hut på Dønhaug på fredagskvelden. Konserten var ei sterk og vakker oppleving sjølv om ikkje alle viste artisten respekt med å teie stille då han song..

Hut trivs i den intime atmosfæra i kjedlaren og var der seinast i oktober. Truleg kjem han attende til hausten. - Men det er berre på grunn av godvilje frå Hut si side at vi kan presentera ein artist av dette formatet, sa Magne Huglen ved konsertstarten. Det er svært smigrande at han også kjem til vår bygd og det må utan tvil tolkast som eit tillitsvotum til Huglen. Og folk i Uskedalen set pris på gode artistar. Denne gongen var plassane utselde nøyaktig ei veke før konserten og arrangøren måtte operere med venteliste.

Hut er eit stort låtskrivartalent og har ein forbløffande, ja nesten utruleg stemmeprakt. Han går no inn i eit nytt, viktig stadium i karrieren sin.

Når alt er avklara omkring Spellemannsprisen, set han kursen for Nashville, USA, for å spela inn sitt soloalbum nummer fem. Hut song ein smakebit frå albumet på Dønhaug og det er all grunn til å venta ein ny suksess.

Album nummer fire kom i 2006 og heitte "Nightfall". Første singel, "Take it easy" vart ein landeplage av dimensjonar og då "Nightfall" kom til platebutikkane i romjula i 2006 vara det berre to veker før gullplata var på plass.

Ellers på Dønhaug overraska han med ekstranummer frå tida si som medlem av bandet Poor Rich Ones. Mellom mange vakre låtar fekk vi høyre ei frå ei plate som han laga i USA i påska 2004 og som særleg gjorde inntrykk. Det var forresten det året då han vart nominert til Spellemannsprisen for to plater i to kategoriar. Det skjer ikkje så ofte.

Av Ola Matti Mathisen



Får William Hut Spellemannsprisen i år? (Foto: Ola Matti Mathisen)